

**Notat**Dato: 06.01.2015  
Arkivsak: 2014/19314-8  
Saksbehandlar: tortitl

---

**Til:** Kultur – og ressursutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**EU-prosjektet Coast Alive. Avslutning og oppsummering**

Hordaland fylkeskommune var i perioden 2009-2012 Lead Beneficiary (prosjektleder) for prosjektet Coast Alive under Interreg IV B Nordsjøprogrammet. Sluttrapportar vart sendt inn i august 2013 til programsekretariatet i Viborg, Danmark. På grunn av tilhøve i EU (suspensjon av midlar til britiske partnerar, feil med rapporteringsmodular o.a.) har det teke tid før handsaminga i EU av sluttrapportane låg føre (desember 2014).

Prosjektet var basert på ein betydeleg innsats frå fylkeskommunar i Vest,-Sør – og Aust-Noreg for å få på plass Nordsjøløypa og Nordsjøsykkelruta Nordsjøen rundt. Samla sett er det etablert eit samanhengande gå – og sykkelnett på 6.000 km i Noreg, Sverige, Danmark, Nederland og Storbritannia, noko som gjer dette til ein av dei lengste traseane i verda.

Coast Alive hadde som føremål å mobilisere ålmenta til større bruk av sykkelvegane og turløypene gjennom ei rekke delprosjekt (CMI's – Community Mobilisation Initiatives). Ved å trekkje lokalsamfunna aktivt inn i planlegginga og gjennomføringa av delprosjekta, lukkast ein å skape godt lokalt eigarskap og vise veg til nye måtar å nytte kulturarv og kystkultur i lokalsamfunnsutvikling retta mot friluftsliv og reiseliv.

På norsk side i Coast Alive deltok fylkeskommunane Møre- og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder samt Kragerø kommune (støtta av Telemark fylkeskommune).

Røynslene med prosjektet og med CMI's er dokumentert i ei verktøykasse (toolkit) for prosjektet, ein kan finne på nettsida [www.coast-alive.eu](http://www.coast-alive.eu)

Prosjektet hadde ei brutto ramme på 1,4 millionar EURO, der Hordaland fylkeskommune sitt bidrag var arbeidsinnsats. Alle andre kostnader fylkeskommunen har hatt som Lead Beneficiary og som ein av partnerane i prosjektet, vil verte dekte av EU.

EU-sekretariatet si vurdering av korleis prosjektet har levert etter føresetnadene, går fram av brev frå Interreg IV B sekretariatet («*Concluding Letter on Final Activity Report for the CA! project*»), lagt ved saka.

Hordaland fylkeskommune har ein kompetent organisasjon når det gjeld å byggje opp, gjennomføre og slutføre EU-prosjekt, noko som EU stadfestar:

*“The project indicators have been achieved according to plan. Achievement levels have been good throughout the projects lifetime on several targets were exceeded in the final stage of the project.”*

Vedlegg: Concluding Letter on Final Activity Report for the CA! project, 03/12/2014.